




ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Kan de kome med eksempel på situasjonar eller leikar det kan vere vanskeleg å kome ut av?
- Somme kan synast at det er vanskeleg å seie nei til noko som andre synest er gøy. Har de forslag til kvifor det kan vere sånn?
- Kva kan vi gjere dersom nokon ser ut som dei ikkje synest det er noko gøy?
- Kva kan vi gjere dersom vi sjølve ikkje har lyst til å vere med, og kvifor kan det nokre gonger vere vanskeleg å seie frå?
- Kvifor er det viktig å halde auge med at alle har det bra og synest det er gøy?
- Kan de kome med andre eksempel der det er viktig at alle synest det er gøy å vere med?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Korleis kan vi vite om noko vil kysse?
- Somme kan synast at det er vanskeleg å seie nei til nokon, fordi dei ikkje vil såre dei eller gjere dei lei seg. Kvifor er det viktig å seie frå likevel?
- Korleis kan vi, på ein god måte, seie nei til å kysse?
- Kva kan vi gjere viss den andre ikkje aksepterer eit nei?
- Kan de kome med andre eksempel der det er viktig at begge partar synest det dei gjer, er gøy?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Kvifor trur de guten har kome på å trekke buksene ned på den andre guten?
- Kan vi nokre gonger få idear som verkar morosame, men som ikkje er det likevel?
- Kva kan vi gjere viss vi har gjort noko vi angrar på?
- Korleis kan vi seie unnskyld på ein god måte?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Korleis trur de det kjennest når det blir sendt rundt eit bilde som ein sjølv ikkje har sagt ja til?
- Kvifor trur de det somme gonger blir sendt rundt bilde av nokon som ikkje har valt det sjølv?
- Kvifor kan det vere freistande å sende bildet vidare?
- Kvifor er det rett å slette det?
- Trur de alle barn og unge kan reglane for bildedeling?
- Kva kan vi gjere for at alle barn og unge skal lære reglane for bildedeling?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Er det forskjell på kven vi har lyst til å klemme, og når vi har lyst til å klemme?
- Å klemme er ein måte for menneske å seie «hei» og «ha det» på. Kan de kome på andre måtar å seie «hei» og «ha det» på?
- Kven bestemmer kva måte vi skal helse på?
- Korleis kan vi vite korleis den andre vil seie «hei», «ha det» eller «takke» på?
- Korleis kan vi vise kva vi helst vil?
- Korleis kan vi sjå på andre at dei ikkje liker å få ein klem?